



DEN NORSKE KYRKJA

Stedje Sokneråd

Sogndal 22.02.2024

Protokoll

Møte i Stedje sokneråd onsdag 14.02.24 kl 15.45 på Stedjetunet.

Desse møtte:

Vegard Bondevik Lie, Guri Høstaker Nordheim, Jorunn Furuheim, Marta Fimreite, Sigfred Stenehjelm, Rolv Arvid Leirdal, Jan Helge Løvik, Britt Hovland Selseng, Laila Ruggesæter Loven

Grete Katrin Sønnesyn og Kirsti Møller Bruland melde forfall.

Orientering til Kirsti Lunde

Opningsord ved Guri Høstaker Nordheim

Godkjenning av innkalling og sakliste:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

Godkjenning av protokoll frå møte 10.01.24:

Protokollen vart godkjend og underskriven.

Orienteringssaker:

1. 17.mainemnda v/ Rita Navarsete tek kontakt med Marta i løpet av februar.
2. Vegard orienterer om gudstenester som fast punkt i soknerådsmøta.
3. Referat frå fellesrådet vart ikkje teke opp sidan Kirsti (repr. I fellesrådet) ikkje var tilstade på soknerådsmøtet.
4. 26.02.24 er det fellesmøte for sokneråda og fellesrådet, på Stedjetunet.
5. Jan Helge orienterte om diakoniutvalet sitt arbeid. Han orienterte også om Frivilligsentralen sitt arbeid med å køyre ut middagar, der det er stort behovet for fleire som kan vere med å køyre ut mat, og som gjerne kan stanse opp for ein prat med den enkelte.

Vedtaksaker:

Sak 07/24

Birte Husum orienterte om sitt arbeid som trusopplærar (100% stilling) for born og unge, 0-18 år, i Stedje sokn. Vi fekk ein god gjennomgang av innarbeidde tiltak i soknet.

Sak 08/24 Årsmøte for Stedje sokn

Vedtak: Årsmøte for Stedje sokn vert søndag 17.mars etter gudstenesta: Med kyrkjekaffi i kyrkja.

Sak 09/24 Konsertar i Stedje kyrkje

Vedtak: Det vert konsertar desse kveldane:

1. måndag 26.februar kl 19.30 v/Joakim Biondi m fleire , innviing av flygelet
2. laurdag 16.mars kl 18.00, Sogn kulturskule i samband med festivalen Sogn musikk dagar

Sak 10/24 Kvardagsskule/Søndagsskule

Vedtak: Soknerådet ser behov for eit fast tilbod for born over småtrolltrall -alder. I første omgang ynskjer me å prøve å få til «søndagsskule» samtidig i eit anna rom, og jobbar vidare med å finne folk til det.

Sak 11.24 Val av varamedlem til dei ulike utvala

Vedtak:

Diakoniutval: **Jan Helge Løvik, vara: Guri Høstaker Nordheim**

Trusopplæringsutval: **Grete Katrin Sønnesyn, vara: Marta Fimreite**

Ungdomsutval: **Tom Ingar Hauståker, vara: Jorunn Furuheim**

Rådgjevande organ for styret, Stedjetunet: **Laila Ruggesæter Loven og Edel Dagny Olstad**

Styret for Kyrkjelydshytta: **Britt Hovland Selseng, Bjørn Skjeldestad**

Salmekveld: **Rolv Arvid Leirdal og Per Hilleren**

Sak 12/24 Utleige av Stedje kyrkje

Vedtak: Soknerådsleiar svarar ja eller nei til utleige i samarbeid med administrasjon.

Sak 13/24 Saker som kjem til

Vedtak: 26.02 vert det gitt eit Gåvekort 5000,- (Den Norske Opera & Ballet) til Terje Vatlestad, for innsatsen og arbeidet han har lagt ned for flygelet i kyrkja.

Utdeling av program på konsert; Jorunn og Britt.

Møte var slutt ca. 17.40

Sogndal 22.02.2024

Marta Fimreite - leiar

Guri Høstaker Nordheim- sekretær